

Mellom Styret i Stiftinga Kystmuseet i Øygarden (frå no av kalla Kystmuseet i Øygarden) og Stiftinga Museum Vest, er det i dag inngått slik:

SAMARBEIDSAVTALE

§ 1. Føremål

Denne avtalen regulerer dei to partane sitt samarbeid om verksemda ved Kystmuseet i Øygarden.

Til grunn for samarbeidsavtalen ligg vedtekter for Museum Vest dat. september 2004, Intensjonsavtale for ei konsolidering av museumsdrifta i Museum Vest dat. januar, vedtekter for Stiftinga Kystmuseet i Øygarden avog organisasjonsmodellen (vedlegg 1 - 4)

Frå 01.01.2005 skal Stiftinga Museum Vest overta ansvaret for økonomi, personale, dagleg drift og bruk av samlingar, bygningar og anlegg ved Kystmuseet i Øygarden. Frå overtakingsdato er Stiftinga Museum Vest ansvarleg for alle driftskostnader ved Kystmuseet i Øygarden, og Stiftinga Museum Vest skal frå same dato disponera over alle ordinære inntekter og tilskot.

Stiftinga Museum Vest skal arbeide ut frå dei føringane som ligg i den til ei kvar tid gjeldande museumsplan for Hordaland, og ta del i nasjonale nettverk.

Partane i fellesskap føretekk eit pro et contra oppgjer pr. 01.01.2005

§ 2. Stiftinga Museum Vest – ansvar og mynde

Frå overtakingsdato skal Kystmuseet i Øygarden drivast som ei avdeling av Stiftinga Museum Vest, likestilt med dei andre avdelingane.

Alle avgjersler som høyrer til drifta, både administrativt og økonomisk, ligg såleis under styret i Stiftinga Museum Vest. Styret kan delegera denne retten til direktøren.

Stiftinga Museum Vest har ansvar for å følgje opp dei gjeldande avtaler jf. vedlegg, inkl. denne avtale.

Alle arbeidstakarar ved Kystmuseet i Øygarden vert tilsette i Stiftinga Museum Vest, som dermed har arbeidsgjevaransvaret.

Dei tilsette sin ordinære arbeidsstad er til vanleg Kystmuseet i Øygarden, men dei deltar i arbeid/oppdrag ved dei andre musea etter vedtekne arbeidsplanar.

Stillings- og driftsnivået ved Kystmuseet i Øygarden skal oppretthaldast på minst same nivå som ved avtalestart.

Museum Vest tilfører personellressursar dersom stillingsnivået, av ulike årsaker, vert redusert over tid.

Tilsetjing, permisjon og oppseiing av fast tilsette skal gjerast av styret i Stiftinga Museum Vest. Styret kan delegera tilsetjingsretten til direktøren. Avdelingsleiar ved det gjeldande museum har uttalerett ved tilsetjingar i eigen avdeling. Ved tilsetjing av avdelingsleiar skal Kystmuseet i Øygarden ha uttalerett.

Vi forutset at Museum Vest innan utgangen av 2006 skal ha gjennomført sams lønsvilkår for dei tilsette, tilpassa ansvar og arbeidsoppgåver.

For å fremja profesjonelt og museumsetisk arbeid, skal det utarbeidast rutinar for regelbundne samlingar for personalet i Stiftinga Museum Vest.

Driftsstønad frå offentlege organ skal som hovudregel gå til Stiftinga Museum Vest. Løyvande styresmakt kan øymerka driftstilskotet til Kystmuseet i Øygarden. Stiftinga Museum Vest står inne for at øymerkte midlar og eigeninntekt faktisk vert brukte på Kystmuseet i Øygarden.

Stiftinga Museum Vest skal syta føre at Kystmuseet i Øygarden, til liks med dei andre avdelingane, får tilført ressursar i samsvar med dei ansvarsområda museet har og vert tillagt, både geografisk og fagleg (jf. museums-planen). Reduksjon i øymerkte driftstilskot og tenester frå faste tilskotsytarar (kommune, fylke) vil føre til reduksjon i driftsnivået ved den aktuelle avdelingen. Fonds og gåver gjeve til Kystmuseet i Øygarden skal disponerast av mottakar.

Overordna budsjett og rekneskap vert fastsett av styret for Stiftinga Museum Vest.

Avdelinga utarbeider forslag til avdelingsbudsjett som vert presentert for Kystmuseet i Øygarden for kommentar. Budsjettet vert godkjent av driftsstyret. Avdelingsrekneskap skal leggjast fram til orientering for Kystmuseet i Øygarden to gonger i året.

Det skal haldast minst eit møte i året mellom eigarstyret for Kystmuseet i Øygarden og styret for Stiftinga Museum Vest, der drifta av avdelinga vert drøfta. Direktøren ved Stiftinga Museum Vest har møte- og talerett i Kystmuseet i Øygarden. Det skal helst vera ei samling av eigarstyrene i året.

§ 3. Kystmuseet i Øygarden - ansvar og mynde

Eigedomretten til samlingar, bygningar, anlegg, jordveg og feste- og bruksrettar (bygningar) skal framleis liggja til Kystmuseet i Øygarden, som også vert eigar av framtidig tilvekst dersom ikkje anna vert avtalt.

Utbyggingsprosjekt ved Kystmuseet i Øygarden og nye innkjøp av større verde kan ikkje gjerast utan samtykke frå både Kystmuseet i Øygarden og Stiftinga Museum Vest. I samband med saker som gjeld det enkelte museum skal

avdelingsleiar ha møterett. Kystmuseet i Øygarden har ansvar for utvikling og gjennomføring av eventuelle utbyggingsprosjekt.

Kystmuseet i Øygarden skal peika ut ein representant med personleg varamedlem til Stiftinga Museum Vest sitt styre. Kommunane Fjell/Austevoll får ein felles representant i styret. Dei tilsette ved alle avdelingane vel ein felles representant i følgje Stiftinga Museum Vest sine vedtekter. Kystmuseet i Øygarden skal drøfta framlegg til avdelingsbudsjett og arbeidsplanar og gje uttale til Stiftinga Museum Vest sitt styre.

§ 4. Iverksetjing / Oppseiing

Innan utgangen av 2006 skal Museum Vest ha evaluert samarbeidet. Dersom nokon vel å trekkja seg ut etter evalueringa skal dette gjerast i samsvar med vedtektene for Hordaland Kystmuseum § 10.

Ved oppseiing, er utløpsdato for avtalen alltid 31. desember. Skriftleg oppseiing må vera den andre parten i hende seinast 01. oktober året før utløpsåret.

Fordeling av ressursar og personale skjer i samsvar med pro et contra oppgjør ved oppseiingsdato.

....., den

2005

For Stiftinga Museum Vest:

For Kystmuseet i Øygarden:

.....

.....